



ULSTEIN KOMMUNE

**SLADDA VERSJON - offentleg dokument**



# **HEILSKAPLEG**

## **RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE**

*Vedteke i Ulstein kommunestyre sak KST PS 32/21  
25.03.2021*


**SLADDA VERSJON - offentleg dokument**

<b>1.</b>	<b>OPPSUMMERING OG KONKLUSJON .....</b>	<b>3</b>
1.1.	KONKLUSJON .....	4
<b>2.</b>	<b>MYNDIGHEITSKRAV .....</b>	<b>5</b>
2.1.	HEIMLAR FOR ARBEIDET MED ROS-ANALYSEN .....	5
2.2.	FORMÅL MED ROS-ANALYSEN .....	5
2.3.	FØRESETNADER .....	6
<b>3.</b>	<b>BAKGRUNN OG MANDAT FOR ROS-ARBEIDET .....</b>	<b>7</b>
3.1.	MANDAT .....	7
<b>4.</b>	<b>ORGANISERING OG METODE .....</b>	<b>8</b>
4.1.	ORGANISERING, ROLLER OG ANSVAR.....	8
4.2.	PROSJEKTANSVARLEGE.....	8
4.3.	RESSURSPERSONAR OG ANDRE SOM HAR MEDVERKA I ANALYSEARBEIDET .....	8
4.4.	METODE OG ARBEIDSSTØTTE.....	9
<b>5.</b>	<b>KONSEKVENSVURDERINGER FOR ULSTEINSAMFUNNET.....</b>	<b>11</b>
5.1.	SANNSYNLIGHETSSTØTTER:.....	11
5.2.	KONSEKVENSKATEGORIAR: .....	11
<b>6.</b>	<b>UTVALDE HENDINGAR OG KORLEIS ANALYSANE ER INNDELTE .....</b>	<b>14</b>
<b>7.</b>	<b>SAMLA FRAMSTILLING AV RISIKO- OG SÅRBARHEITSBILETE I KOMMUNEN .....</b>	<b>15</b>
7.1.	RISIKOVURDERING .....	15
7.2.	TOTAL RISIKO OG SÅRBARHEITSVURDERING .....	16
<b>8.</b>	<b>RISIKO OG SÅRBARHEITSVURDERINGAR I LYS AV § 2 I <i>FORSKRIFT OM KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT</i> 18</b>	
8.1.	§2.A EKSISTERANDE OG FRAMTIDIGE RISIKO- OG SÅRBARHEITSFAKTOAR I KOMMUNEN .....	18
8.2.	§2.B RISIKO OG SÅRBARHEIT UTANFOR DET GEOGRAFISKE OMRÅDET TILKOMMUNEN SOM KAN HA TYDING FOR KOMMUNEN .....	18
8.3.	§2.C KORLEIS ULIKE RISIKO- OG SÅRBARHEITSFAKTOAR KAN PÅVERKE KVARANDRE .....	18
8.4.	§2.D SÆRLEGE UTFORDRINGAR KNYTT TIL KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG TAP AV KRITISK INFRASTRUKTUR .....	19
8.5.	§2.E KOMMUNENS EVNE TIL Å HALDA OPPE VERKSEMDA SI NÅR HAN BLIR UTSETTFOR EI UØNSKT HENDING OG EVNE TIL Å GJENOPPTA SIN VERKSEMD ETTER AT HENDINGA ER HEND.....	20
8.6.	§2.F BEHOV FOR BEFOLKNINGSVARSLING OG EVAKUERING.....	21
<b>9.</b>	<b>RISIKOHANDTERING - MÅL, STRATEGI OG TILTAK I PLAN FOR OPPFØLGING.....</b>	<b>22</b>
9.1.	MÅLSETTING .....	22
9.2.	STRATEGI .....	22
9.3.	TIKTAK .....	22
<b>10.</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>23</b>
10.1.	RELEVANTE BAKGRUNNSDOKUMENT.....	23
10.2.	ALLE ANALYSAR SOM INNGÅR I VURDERINGA AV RISIKO- OG SÅRBARHEITSBILETE.....	23
10.3.	HANLINGSPLAN MED PRIORITERTE TIKTAK.....	23

## 1. Oppsummering og konklusjon

Ulstein kommune er ein trygg kommune for innbyggjarar og turistar å bu og opphalde seg i.

Vedlagde matrise er ikkje utfyllande, men eit kortfatta samandrag for å gi ei rask oversikt over risikobilete og tilrådde tiltak. For komplett analyse blir det vist til den enkelte analyse i vedlegg 10.2. Matrisen viser at kommunen er sårbar når visse hendingar oppstår, men kommunen kan handtere alvorlege hendingar dersom det blir sett inn tiltak, som enten allereie er ein del av verktøykassa til kriseleninga i kommunen, eller som er ført opp som føreslåtte tiltak (sjå vedlegg 10.3).



(Forklaring til tabellen sjå side 17)

Dei hendingane som vil ramma dei fleste **kritiske samfunnsfunksjonane** er ekstremvêr, skred, jord og steinprang [REDACTED]. Ekstremver vil i dette tilfellet gi brot i telesamband, stopp i internett/vitale IKT-system og straumbrot som vil ha store konsekvensar for tenesteproduksjonen. Dette betyr at kommunen må vere førebudd på å handtere sjølvve hendinga og ei rekke samtidige følgjehendingar.

**Sårbarheitsanalysa** viser at evna kommunen har til å halda oppe verksemda under ei krise er god, sjølv om mange av hendingane vil sette kommunen på prøve.

Av dei analyserte hendingane som kan medføre at **stabile kommunale tenester** vil kunne bli ei utfordring for kommunen er ekstremvêr, skred, jord og steinprang [REDACTED]

For mange uønskte hendingar vil det vere behov for **evakuering**. Alt frå nokre få personar til mange. I mange tilfelle vil det også vere behov for varsling til befolkninga. Kommunen må ha gode og fleksible prosedyrar for å kunne bidra i samband med evakuering og varsling av befolkninga.

Analysane viser at dei fleste hendingane, og ved bortfall av kritiske samfunnsfunksjonar, vil kommunen ha eit stort ansvar for sårbare grupper, enten det er dei som kommunen har omsorg for til dagleg – sjuke, eldre eller andre med særlege behov – samt menneske som er direkte ramma av ei hending.

Kommunen må i planarbeidet sitt ha kontinuerleg fokus med omsyn til liv og helse.

Kommunen blir stort sett i liten grad rørt ved hendingar i andre kommunar, men må vere førebudd på å bidra når nabokommunane ber om bistand.

### **1.1. Konklusjon**

Analysane viser at kriseleiinga til kommunen kan handtere alle analyserte uønskte hendingar.

God planlegging, oppdatering av planverk, kompetanseutvikling av kriseleiinga til kommunen og støttepersonar, planlegging og gjennomføring av relevante øvingar og dessutan god oppfølging av evalueringspunkter etter øvingar, vil bidra til å gjøre kommunen handlekraftig og motstandsdyktige mot dei fleste hendingar.

## 2. Myndigheitskrav

### 2.1. Heimlar for arbeidet med ROS-analysen

Kommunal beredskapsplikt er heimla i Sivilvernlova § 14 og 15. *Paragraf 14 lyder slik:*



*«Kommunen pliktar å kartlegge kva for uønskte hendingar som kan hende i kommunen, vurdere sannsynet for at desse hendingane hender og korleis dei i så fall kan påverke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderast og blir samanlikna i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.*

*Risiko- og sårbarheitsanalysen skal leggast til grunn for arbeidet til kommunen med samfunnssikkerheit og beredskap, herunder ved utarbeiding av planar etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).*

*Risiko- og sårbarheitsanalysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. løyve 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) § 11-4 første ledd, og forresten ved endringar i risiko- og sårbarheitsbilete.*

*Departementet kan gi forskrifter med nærmere avgjærder om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalysen.»*

Til lova er det gitt forskrifter og Forskrift om kommunal beredskapsplikt, FOR 2011-08-22 nr. 894 § 2 lyder slik:

#### § 2. Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

*Kommunen skal gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, herunder kartlegge, systematisere og vurdere sannsynet for uønskte hendingar som kan hende i kommunen og korleis desse kan påverke kommunen.*

*Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal forankrast i kommunestyret.*

*Analysen skal som eit minimum omfatte:*

- a) Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen
- b) Risiko og sårbarheit utanfor det geografiske området til kommunen som kan ha tyding for kommunen
- c) Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre
- d) Særlege utfordringar knyttet til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- e) Evna kommunen har til å halde oppe verksemda si etter at hendinga har hendt
- f) Behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

### 2.2. Formål med ROS-analysen

Formålet med ROS-analysen er å

- gje ein oversikt over risiko- og sårbarheitsforhold i kommunen, og korleis dei påvirke kommunen
- avdekke sårbarheit og gjensidige avhengigheiter
- foreslå tiltak for korleis risiko og sårbarheit kan reduserast og handterast
- vere eit grunnlagsdokument for samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova
- gje beslutningsstøtte i kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap

### **2.3. Føresetnader**

Arbeidet med Ulstein kommune sin heilskaplege ROS vert utført etter prosjektprinsippet etter anbefaling i DSB sin *Rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen*. Prosjektet vil fylgje strukturen og arbeidsmetodikken presentert i rettleiaren, og vil legge rettleiaren sine definisjonar av sannsynlegheits- og konsekvenskategoriar til grunn med verdiar tilpassa Ulsteinsamfunnet i samsvar med vedtak i FSK sak 16/52. Kommunen har i analysen brukt skjema frå DSB/NUSB med nokon tilpassingar.

### **3. Bakgrunn og mandat for ROS-arbeidet**

I samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen vart det gjennomført ein ROS-analyse i 2011. Denne var heimla i plan- og bygningslova og er dermed ikkje i samsvar med dagens lovverk innanfor kommunal beredskapsplikt. For å stette kravet i forskrifa sin § 2-f vart det utført ein ROS-analyse der behovet for befolkningsvarsling og evakuering var tema. Denne vart vedteken i kommunestyret 23.04.2015.

Ved tilsyn med kommunal beredskapsplikt frå Fylkesmannen i 2016, fekk Ulstein kommune 2 avvik :

- Ulstein kommune sin heilskaplege ROS-analyse manglar ei vurdering av korleis ROS-faktorar kan påverke kvarandre, og ei vurdering av kommune sin evne til å oppretthalde eigen drift ved uønskte hendingar.
- Ulstein kommune sin beredskapsplan tek ikkje utgangspunkt i den heilskaplege Ros-analysen.

Kommunen sende inn plan for lukking av avvika, noko som var forutsett skulle skje i løpet av 2017, då kommunen var kome godt i gang med arbeidet med ny heilskapleg ROS-analyse. Av ulike årsaker stoppa arbeidet opp, men kom seg etterkvart i god flyt igjen.

Ved rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2019, vart det utført ein ny ROS-analyse heimla i plan- og bygningslova for å sikre samfunnsikkerheit ved kommunen sin arealplanlegging. Denne ROS-analysen vart fylgt opp ved utarbeidninga av arealplankartet med tilhøyrande føresegner.

#### **3.1. Mandat**

Vedtak i Formannskapet den 18.05.2016 sak 16/52:

*Formannskapet gjev prosjektgruppa mandat til å utarbeide ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for Ulstein kommune og dokumentere resultatet frå arbeidet i ein rapport. Basert på ROS-analysen skal prosjektgruppa lage forslag til plan for oppfølging for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap.*

*Den heilskaplege ROS-analysen skal imøtekome krava i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret og forskrift om kommunal beredskapsplikt.*

*Formannskapet vedtek konsekvenskategoriar for Ulstein kommune slik det kjem fram av saksutgreiinga.*

## 4. Organisering og metode

### 4.1. Organisering, roller og ansvar

- Utarbeiding av heilsakleg ROS-analyse er forankra i *Planprogram for rulling av kommuneplanens samfunns- og arealdel*, godkjend i Ulstein formannskap sak 15/93 den 15.09.2015.
- Planforum i Ulstein kommune utgjer styringsgruppa for prosjektet og utpeikar prosjektleiar og prosjektdeltakarar for prosjektgruppa sitt arbeid.
- Prosjektgruppa har ansvar for å planlegge og gjennomføre den heilsaklege risiko- og sårbarheitsanalysa.
- Prosjektleiar skal halde styringsgruppa orientert om prosjektets status undervegs.
- Kommunen forpliktar seg til aktiv deltaking i dei ulike aktivitetane i prosjektet.
- Relevante offentlege og private aktørar skal inviterast med i arbeidet med gjennomføringa.
- Resultat frå ROS-analysen og plan for oppfylging av tiltak skal presenterast for rådmannen si leiargruppe.
- Rådmannen har ansvar for å fremme den heilsaklege risiko- og sårbarheitsanalysa for kommunestyret og følgje opp tiltaksplan.

### 4.2. Prosjektansvarlege

#### Prosjektgruppe:

Prosjektleiar:	Anita Sundnes	leiar plan- og bygningsavd./beredskapskoordinator (til 2017)
	Monica Cecilie Torp	kommunalsjef for organisasjon og utvikling
	Svein Arne Orvik	leiar demokrati og kommunikasjon/beredskapskoordinator (2017-2020)

#### Arbeidsgruppe for analyse av uønskte hendingar:

Anita Sundnes	
Svein Arne Orvik	
Knut Erik Engh	ordførar
Torni Fiskaa	personalrådgivar
Odd Nesse	konsulent oppvekst
Lars Inge Breivik	tidl. hovudverneombud
William Bernt Ekelin	tidl. varabranssjef
Inger Lise Kaldhol	tidl. kommuneoverlege



### 4.3. Ressurspersonar og andre som har medverka i analysearbeidet

Nøkkelpersonar frå kommunen, nabokommunar og bedrifter har blitt invitert til å gjennomføre analysar i lag med arbeidsgruppa eller via telefonintervju og epostkommunikasjon.

Namn	Funksjon/stilling
Steinar Torvik	Kriseleiing/tidl. varaordførar
Verner Larsen	Kommunedirektør
Arne Runar Vik	Kommunalsjef teknisk
Gry Osnes Nordal	Kommunalsjef oppvekst
Marit Botnen	Kommunalsjef omsorg

Gaute Skarstein	kriselerding/SSIKT
Asbjørg Garshol	kriselerding /Kommunikasjonsleiar
Norun Kirkebø Elde	kriselerding/kommuneoverlege
Eli Marte Dalhaug	kriselerding/leiar servicetorg og dokumentsentre
Odd Arild Djupvik	kriselerding/SSIKT
Stian Lehmann Scheide	kriselerding/varaordførar
Aage Christensen	kriselerding/dagleg leiar UEKF
Odd Kulø	kriselerding/Lensmann
Silja Øvreliid	Leiar plan, byggesak og geodata - Hareid kommune
Vegard Sæter Gurskevik	Skulesjef
Olav Helt Brubakk	Brannsjef
Rune Urke	tidl. dagleg leiar UEKF
Odd Kåre Wiik	leiar drift og anleggsavdelinga
Terje Myklebust	Tussa Kraft AS
Sveinn Larusson	Tussa Kraft AS
Ann Ingvill Tødenes	Søre Sunnmøre mottak (LINK)


I tillegg har følgjande verksemder vore involvert, kome med avklaringar: Statens vegvesen, Boreal, Hurtigruten, Kystverket, Industrivernet Ulstein verft/Kleven.

#### 4.4. Metode og arbeidsprosess

Analysen skal omfatte uønskte hendingar som fell inn under kommunen sitt ansvarsområde.

ROS-analysen er eit teoretisk instrument for å vurdere om risiko er akseptabel eller ikkje, og vil aldri kunne gi ein eksakt analyse i forhold til konsekvensar. Vi har vurdert det sånn at det alltid bør vere med eit sentralt element av samla vurdering og skjønn.

For å kunne avdekke og prioritere tiltak må det kartleggast kva hendingar det kan være aktuelt å førebygge eller planlegge mot. Ein må vurdere sannsynlegheitsreduserande og konsekvensreduserande barrierer som kan settast inn som illustrert i eit sløyfediagram:



Arbeidsgruppa analyserte dei valgte hendingane i samsvar med §2 a-f. Deretter vart den enkelte analysen grundig kvalitetsikra av prosjektgruppa. Det gjekk litt tid frå arbeidsgruppa var ferdig med sitt arbeid til prosjektgruppa starta opp. Dette opplevde vi som positivt, då analysene kunne oppdaterast med ny kunnskap om hendingar både lokalt og nasjonalt (t.d pågående pandemi). Dette

viser også nødvendigheita av å jevnleg evaluere den overordna ROS-analysen, då samfunnet vårt er i stadig endring. Vi såg ein del til Herøy kommune sin nyleg vedtekne ROS-analyse og justere litt vår mal oppimot dei metoder som der var nytta, då vi fann desse gode og informative.

Kriseleiinga fekk deretter alle analysene oversendt og kom med tilbakemeldingar til innhaldet, for så å ta ein grundig gjennomgang av det enkelte tiltak som er foreslått i analysene.

Prosjektgruppa utarbeidde med bakgrunn i analysene dette dokument, med tilhøyrande tiltaksplan, som vart lagt fram for planforum som styringsgruppe. I denne gruppa sit også kommunen si administrative leiing. Etter ein siste revisjon i etterkant av den evalueringa, er den overordna ROS-analysen for Ulstein kommune klar for handsaming i Kommunestyret.

## 5. Konsekvensverdiar for Ulsteinsamfunnet

I forkant av arbeidet med ROS-analysen vart det fastsett konsekvenskriterier som er tilpassa Ulstein kommune basert på rettleiaren til DSB. Formannskapet vedtok i sak 16/52 kva konsekvensverdiar som skal gjelde for Ulsteinsamfunnet.

### 5.1. Sannsynlegheitskategoriar:

Prosjektet vil følge rettleiaren sitt forslag til sannsynlegheitskategoriar. Målet med å etablere desse er å skilje dei ulike uønska hendingane frå kvarandre for å få ei spreiling i risiko- og sårbarheitsbildet som igjen kan gje eit grunnlag for prioriteringar. Rettleiaren presenterer ei kategorisering av sannsynlegheiter i 5 kategoriar, framfor den tradisjonelle metoden med 3, nettopp for å betre spreilinga og lette prioriteringa.

Kategori	Tidsintervall	Sannsynlegheit (per år)	Forklaring
E	Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år	> 10 %	Svært høg
D	1 gong i løpet av 10 til 50 år	2 - 10 %	Høg
C	1 gong i løpet av 50 til 100 år	1 - 2 %	Middels
B	1 gong i løpet av 100 til 1000 år	0,1 - 1 %	Lav
A	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 1000 år	< 0,1 %	Svært lav

Vidare vil Ulstein kommune fokusere på følgjande 4 anbefalte samfunnsverdiar i konsekvensanalysen:

BEFOLKNINGA SIN SIKKERHEIT OG TRYGGHEIT	
Samfunnsverdiar	Konsekvenstypar
Liv og helse	Dødsfall Skader og sjukdom
Stabilitet	Manglende dekning av grunnleggande behov Forstyrrelser i daglelivet
Natur og miljø	Langtidsskader på naturmiljø Langtidsskader på kulturmiljø/-minner
Materielle verdiar	Økonomiske tap

Vidare kategorisering av konsekvensane for dei ulike konsekvenstypane:

### 5.2. Konsekvenskategoriar:

#### Liv og helse:

Kategori	Forklaring	Dødsfall	Skadar og sjukdom
5	Svært store	> 5	> 20
4	store	3-5	11-20
3	Middels	1-2	6-10
2	Små	Ingen	3-5
1	Svært små	Ingen	1-2

## **Stabilitet- Manglande dekning av grunnleggande behov**

*Befolkinga mangle mat, drikkevatn, varme og medisin som følge av hendelsen.*

Konsekvenskategoriane 1–5 kan settast som ein kombinasjon av antal personar berørt av hendelsen og varigheit

Ant. berørte Varigheit	< 5 personar	5–20 personar	20–100 personar	> 100 personar
> 7 dagar	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5
2–7 dagar	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
1–2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4
<1 dag	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3

## **Stabilitet - Forstyrrelsar i daglelivet**

*Befolkinga får ikkje kommunisert via ordinære kanalar, kjem seg ikkje på arbeid eller skule, mangle tilgang på offentlege tenester, infrastruktur og varer.*

*Konsekvenskategoriane 1–5 kan settast som ein kombinasjon av antal personar berørt av hendelsen og varigheit.*

Ant. berørte Varigheit	< 10 personar	10-40 personar	40–200 personar	> 200 personar
> 7 dagar	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5
2–7 dagar	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
1–2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4
<1 dag	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3

## **Natur og miljø - Skade på naturmiljø:**

*Konsekvenskategori 1-5 for skade på naturmiljø kan settast som ein kombinasjon av geografisk utbreiing og varigheit på skade. Utbreiinga vert sett som % av totalt areal eller kystlinje. Ulstein kommune har eit areal på 97 km<sup>2</sup> og ei kystlinje på 160 km. I «Delplan for akutt forureining» er det definert sårbare kystområde. Hendelsen skal i tillegg til tabell under alltid vurderast oppimot om skader på naturmiljø har skjedd innanfor definerte sårbare område og vurderast om det derav skal flyttast opp i høgare konsekvenskategori .*

Geografisk utbreiing Varigheit	1 - 2 %	2 - 5 %	5 - 20 %	20 - 50 %	> 50 %
> 5 år	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
1 – 5 år	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4

## **Natur og miljø - Skade på kulturmiljø:**

*Tap og/eller permanent forringelse av kulturmiljø/kulturminner kan settast ut frå fredningsstatus/verneverdi og graden av øydeleggelse. Ulstein kommune har mange kulturminne, særleg frå før-reformatorisk tid, og som soleis er automatisk freda. Desse finn vi særleg i dei ytre delar av kommunen (Osnes – Flø) med bl.a Oshaugen som er rekna som nordvestlandets største gravhaug. Vi har også vedtaksfreda kulturminne, t.d Grasøyane fyr.*

Fredningsstatus/ verneverdi: Grad av øydeleggelse:	Verneverdige kulturminner	Verneverdig kulturmiljø	Freda kulturminner	Freda kulturmiljø
Omfattande øydeleggelse	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
Begrensa øydeleggelse	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4

## **Materielle verdiar:**

*Direkte kostnadar for lokalsamfunnet som følge av hendelsen i form av økonomiske tap knytta til skade på eigedom, handtering og normalisering.*

Kategori	Forklaring	Økonomisk tap
5	Svært store	> 1 mrd NOK
4	store	100 mill - 1 mrd NOK
3	Middels	10 - 100 mill NOK
2	Små	1 - 10 mill NOK
1	Svært små	< 1 mill NOK

Konsekvensvurderingane er baserte på DSBs ”Rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen” av oktober 2014.

Hendingar som er vurderte å vere sannsynlege til svært sannsynlege og ha alvorlege til svært alvorlege konsekvensar, krev tiltak og er plassert i raudt felt. Enkelte hendingar kan vere lite sannsynlege, men konsekvensane, dersom dei hender, er så store at disse likevel bør vurderast for tiltak, særleg når det dreier seg om å drøfta hendingane i samband med planverket til beredskap.

Det er svært vanskelig å fastslå nøyaktig kor sannsynlig noko kan vere, berre basert på tilgjengeleg statistikk og erfaring. Derfor er det i vurderingane også lagt inn relativ stor grad av skjønn basert på kjennskap til lokale forhold. Når vi har vore i tvil, har vi valt verdiar som er meir sannsynlig enn mindre sannsynlig for å vere på den sikre sida. Det same forholdet gjeld for moglege konsekvensar.

Vi har brukt ei klassisk risikomatrise for å vise risikobiletet som kan sjåast i kapittel 7.

## **6. Utvalde hendingar og korleis analysane er inndelte**

Her er det lagt vekt på uønskte hendingar som kan bli så omfattande at det vil vere naturleg å innkalle kriseleiinga til kommunen. Vidare har prosjektgruppa berre analysert og behandla hendingar som blir antatt å vere relevante for ein kommune som Ulstein sett i lys av plassering og historiske erfaringar. Større hendingar som blant andre atomkrig, forureining etter atomnedfall, jordskjelv og tsunami er dermed ikkje analysert. Likeeins vil ein del hendingar utløyse dei same mekanismane, så der har vi valt ut den hendinga som synest mest relevant og ressurskrevjande.

### **Natur**

- 1 Ekstremver - orkan
- 2 Skred, jord og steinsprang
- 3 Auka havnivå - stormflo og springflo

### **Natur og menneske**

- 4 Pandemi/epidemi
- 5 Forureina vasskjelde

### **Store ulykker**

- 6 Vegtrafikkulykke med store konsekvenser for trafikksamband
- 7 Gassutslepp
- 8 Skipstorsdok med oljeutslepp
- 9 Større ulykke på verftet
- 10 Storskade (inkl. brann) på institusjonsbustadar
- 11 Storskade på offentleg, samfunnskritisk bygg (som ikkje er bustad) - kollaps i skulebygg
- 12 Dambrot
- 13 Stor skogbrann/lyngbrann

### **Tilsikta hendingar**

- 14 Skuleangrep (PLIVO)
- 15 Terror under stort arrangement (PLIVO)
- 16 Bombe (PLIVO)


### **Kritiske samfunnsfunksjoner**

- 17 Dataangrep av vitale IKT-system

## 7. Samla framstilling av risiko- og sårbarheitsbilete i kommunen

Her følger eit samandrag av analyserte hendingar som krev merksemda til kriseleninga til kommunen. Vedlagde matrise med forklaringar er ikkje utfyllande, men eit kortfatta samandrag for å gi ei rask oversikt over risikobilde og tilrådde tiltak. For komplett analyse blir vist til den enkelte analyse i vedlegg 10.2.

### 7.1. Risikovurdering




*Tabell 1: Klassisk risikovurdering*

Hendingar som er markert i dei grøne felta trur vi blir handtert relativt greitt av kommunen. Hendingar i dei gule felta krev tiltak. Hendingar i raude felt utfordrar evna kommunen har til å leverere vitale tenester og indikerer at kriseleninga til kommunen må løysa store utfordringar.

Forslaga til tiltak for gule og raude hendingar bør difor bli prioritert i den etterfølgande handlingsplanen.

## 7.2. Total risiko og sårbarheitsvurdering



Tabell 2: Totalt risikobilde

Analysane viser at kriseleninga til kommunen kan handtere alle analyserte uønskte hendingar, sjølv om nokon kan bli veldig krevjande.

Prosjektgruppa har under kvar analyse kome med forslag til forbetingstiltak – sjå vedlegg 10.2. Tiltaka er deretter sortert og sett i samanheng med kvarandre og dannar grunnlag for handlingsplanen som er å finne i vedlegg 10.3.

## Forklaring til kolonnane

	Forklaring		
Sannsyn	<b>E – Svært sannsynleg:</b> Kan skje regelmessig, forholdet er kontinuerleg til stades. 1 gong i løpet av 10 år, > 10% <b>D – Høg sannsynleg:</b> Kan skje av og til, mogleg periodisk hending, 1 gong i løpet av 10 til 50 år, 2-10% <b>C – Middels sannsynleg:</b> Kan skje, ein gong i løpet av 50-100 år, 1-2% <b>B - Lav sannsynleg:</b> Ikkje kjent til tilsvarande situasjonar, men det er ein teoretisk sjanse, ein gong i løpet av 100 til 1000 år, 0,1 – 1% <b>A – Svært lav sannsynleg:</b> Kan etter det ein kan sjø, ikkje hende, 1 gong i løpet av 1000 år > 0,1%		
Sårbarheit	 <b>Lite sårbar.</b> Eininga klarer å handtere det.  <b>Medium.</b> Kan vere problem med å halde opp tenesteproduksjon inntil det blir etablert alternative løysingar.  <b>Veldig sårbar.</b> Til dømes ein vital eining vil få store problem.		
Konsekvens	<b>1 – Ingen:</b> Ingen fare for person- eller miljøskader <b>2 – Ubetydeleg:</b> Få eller små person- eller miljøskader <b>3 – Mindre alvorleg:</b> Kan skje lettare person- eller miljøskader. System set ut av drift i kort tid <b>4 – Alvorleg:</b> Behandlingskrevjande person- eller miljøskader. System sett ut av drift over lengre tid. <b>5 – Svært alvorleg:</b> Katastrofe, døde eller alvorleg skadde		
Risiko	<b>Risiko= Sannsyn x Konsekvens</b> Jo høgare talverdi jo verre blir risikobiletet som blir skapt av hendinga. Faren som går fram under konsekvens, viser forholdet til konsekvens/sannsyn i samsvar med fargane i matrisa i 7.1		
Befolkningsvarsel	Behov for befolkningsvarsling:  <b>Nei.</b> Ikkje behov for befolkningsvarsling.  <b>Kanskje.</b> Kan bli aktuelt med befolkningsvarsling  <b>Ja.</b> Behov for befolkningsvarsling		
Behov for evakuering	Behov for evakuering:  <b>Nei.</b> Ikkje behov for evakuering.  <b>Kanskje.</b> Kan bli aktuelt med evakuering  <b>Ja.</b> Behov for evakuering		
Usikkerheit	<b>L - Lav</b> <b>H - Høg</b> Usikkerheit vurderast som høg om ein eller fleire av følgande vilkår er oppfylt: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Relevante data og erfaringar er tilgjengelege eller upålitelege</li> <li>• Hendinga eller fenomenet som analyserast er dårlig forstått</li> <li>• Det er manglande einigkeit blant ekspertane som har delteke i vurderinga</li> </ul>		
Styrbarheit	<b>L – Lav:</b> Kommunen kan ikkje påverke <b>M – Middels:</b> Kommunen kan påverke <b>H – Høg:</b> Kommunen kan kontrollere/styre		
Tiltak foreslått	X – Tiltak er foreslått. Er feltet tomt er det ingen nye tiltak som er foreslått.		

## **8. Risiko og sårbarheitsvurderingar i lys av § 2 i *Forskrift om kommunal beredskapsplikt***

Risiko og sårbarheit, med konsekvens, konsekvensreduserande tiltak og mottiltak er vurdert konkret i analysane for den enkelte hendinga. Vurderingane dannar konkrete grunnlag for føreslåtte nye tiltak eller forsterking av eksisterande tiltak, utarbeidning av handlingsplan og oppdatering av beredskapsplanar. Her følgjer ein oppsummering av hendingane sett i samanheng mot forskriftens § 2, a-f.

### **8.1. §2.a Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen**

Tabell 2 viser sannsyn og konsekvens og risiko for kvar analyserte hending. Ein slik måte å vurdere ei hending på kan medføre at ei hending med store konsekvensar ikkje blir undersøkte nærmare fordi ein vurderer dei som lite sannsynlege. Vi har derfor valt å ta med alle hendingar der vi har tiltak for ein nærmare analyse av moglege nye eller forsterkande tiltak inn i handlingsplanen.

### **8.2. §2.b Risiko og sårbarheit utanfor det geografiske området til kommunen som kan ha tyding for kommunen**

Ved ekstreme hendingar er det viktig at kriseleninga i kommunen har tett dialog med dei andre nabokommunane, både i Sjostjerna og Ålesund. Dette for å kunne hjelpe kvarandre, men òg for å kunne oppdatere risikobilete i den aktuelle situasjonen best mogleg.



Dei sju kommunane på Søre Sunnmøre har eit tett og nært samarbeid. Det er etablert fagforum innanfor dei fleste fagområde også på kommunedirektørnivå. I dag finst det ikkje eit fagforum for beredskapskoordinatorane. Prosjektgruppa har difor anbefalt dette som eit tiltak.

### **8.3. §2.c Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre**

I tabellen nedanfor har prosjektgruppa analysert kva for kritiske samfunnsfunksjonar som kan bli rørt i den enkelte hendinga og korleis desse kan påverke kvarandre. Vi har gjort ei skjønnsmessig vurdering med fargekoder:

<b>Lite sårbar.</b>	Eininga klarer å handtere det.
<b>Medium.</b>	Kan vere problem med å halde opp tenesteproduksjon inntil det blir etablert alternative løysingar.
<b>Veldig sårbar.</b>	Til dømes ein vital eining vil få store problem.




Tabell 3: Sårbarheitsvurdering


**Dei hendingane som vil ramma dei fleste kritiske samfunnsfunksjonane** er ved ekstremvær, skred, jord og steinprang [REDACTED]. Ekstremver vil i dette tilfellet gi brot i telesamband, stopp i internett/vitale IKT-system og straumbrot som vil ha store konsekvensar for tenesteproduksjonen. Dette betyr at kommunen må vere førebudd på å handtere sjølve hendinga og ei rekke samtidige følgjehendingar.

Det er viktig å raskt kalle saman kriseliinga for å sjekke ut om det er viktig at det er behov for denne for deretter å avslutta viss kriseliinga ser at kommunale einingar klarer å handtere hendinga utan bistand. Når den enkelte hendinga hender, er det derfor av største viktigkeit at ”nokon trykker på den store knappen” slik at kriseliinga blir varsle, at kriseliinga i kommunen har eit oppdatert beredskapsplanverk (digitalt OG i papir) og ein tilgjengeleg og oppdatert sjekkliste vedlagt beredskapsplanen, som viser moglege konsekvensar og kva for tiltak som bør setjast i verk.

#### 8.4. §2.d Særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur




## **8.5. §2.e Kommunens evne til å halda oppe verksemda si når han blir utsett for ei uønskt hending og evne til å gjenoppta sin verksemd etter at hendinga er hend**



Dei meste omfattande utfordringane vil skje ved ekstremvær, som kan utløyse mange og alvorlege følgjekonsekvensar.

**God planlegging, oppdatering av planverk, kompetanseutvikling av kriseleiinga til kommunen og støttepersonar, planlegging og gjennomføring av relevante øvingar og dessutan god oppfølging av evalueringspunkter etter øvingar, vil bidra til å gjere kommunen handlekraftig og motstandsdyktige mot dei fleste hendingar.**

## **8.6. §2.f Behov for befolkningsvarsling og evakuering**



## 9. Risikohandtering - mål, strategi og tiltak i plan for oppfølging

### 9.1. Målsetting

Kommunen skal, med basis i kartlagde uønskte hendingar i ROS-analysen, til ei kvar tid ha eit oppdatert beredskapsplanverk, som kan gjere kommunen i stand til å handtere vitale oppgåver sjølv om uønskte hendingar oppstår.

### 9.2. Strategi

I dette målebilete hører god beredskapskompetanse hos alle medlemmene av kriseleiinga til kommunen. Ein bra måte å tilegne seg dette er å lese og drøfte planverket med kollegaer og delta aktivt på øvingar som sørger for at alle i kriseleiing og stab/støtte får tilstrekkeleg trening i å forstå risikobilde, kva for tiltak som bør setjast i verk og utføre desse etter beste evne.

Kommunen skal aktivt bruke den føreliggande ROS-analysen, som skal oppdaterast etter nye hendingar, erfaringar eller ny kunnskap, som styringsdokument basert på erfaringar og hendingar i den overordna beredskapsplanen til kommunen, i alt planarbeid etter plan- og bygningslova og i anna planarbeid der ROS-analysane er relevante.

### 9.3. Tiltak

Basert på ROS-analysen har kommunen laga ein handlingsplan (vedlegg 10.3) med ansvarsfordeling og prioritet. Handlingsplanen skal avklare kva for tiltak som er heilt nødvendige og budsjettmessige konsekvensar. Handlingsplanen blir deretter eit innspel til budsjettarbeidet til kommunen.

Alle dei føreslåtte tiltaka kan enten redusere sannsynet for at hendinga hender eller redusere moglege konsekvensar.

Prosjektgruppa har vald å vurdere kostnadsnivå og kost/nytte-effekt for kvart tiltak. Og basert på dette enda opp med ei prioritering.

Vald metode for å prioritere tiltak:

Prioritet	Type tiltak
Prioritet 1	Tiltak som bør iverksettast snarast.
Prioritet 2	Tiltak som må vurderast innanfor ein 4-års periode
Prioritet 3	Tiltak som krev ressursar som er så store at dei blir antatt å ha større budsjettmessige konsekvensar og bør setjast opp i kommuneforslaget til nye investeringar.
Prioritet 4	Vurderast ved neste rullering -uprioritert

Prioritering tek ikkje omsyn til budsjettmessig konsekvens.

## **10. Vedlegg**

### **10.1. Relevante bakgrunnsdokument**

- [Samfunnssdelen av kommuneplanen 2019-2029](#)
- [ROS-analyse Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031](#)
- [Ulstein kommune - Samfunnsanalyse](#)
- [DSB -Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen](#)

### **10.2. Alle analysar som inngår i vurderinga av risiko- og sårbarhetsbilete**

Sjå eige dokument.

### **10.3. Handlingsplan med prioriterte tiltak**

Sjå eige dokument.